



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
32/2016	Kontrollutvalet	PS	13.10.2016
79/2016	Kommunestyret	PS	14.11.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen	FE - 217	15/1736

### OPPDATERTE PLANDOKUMENT: PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL

#### Vedlegg:

Framlegg til Plan for forvaltningsrevisjon - 2016-2020

Framlegg til Plan for selskapskontroll - 2016-2020

#### Framlegg til vedtak:

Framlegg til Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll 2016-2020 vert teken til etterretning. Planane oversendes kommunestyret for godkjenning med fylgjande innstilling:

Innstilling til kommunestyret:

"Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, vert godkjent slik den ligg føre, og kommunestyret delegerer til Kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden ved behov".

Innstilling til kommunestyret:

"Plan for selskapskontroll 2016-2020 vert godkjent slik den ligg føre, og kommunestyret delegerer til Kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden ved behov".

#### Kontrollutvalet - Sak 32/2016

#### KONT - Behandling:

Endeleg planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll blei lagt fram i møtet for behandling. Representant frå Deloitte hadde ikkje noke å tilføye utover planane som blei lagt fram.

Plan for forvaltningsrevisjon:

I møtet blei medlemene samde om at det var ynskjeleg å ha med eit kulepunkt om *personvern* under Prosjekt 2: «Forvaltningsrevisjon av internkontroll».

Plan for selskapskontroll:

Terje Davidsen ba om habilitetsvurdering når Plan for selskapskontroll skulle behandlas.

Terje er varamedlem i Vaksdal Næringssselskap AS, og styremedlem i BKK. Desse er omfatta av selskap som er med i Plan for selskapskontroll. Terje D. blei einstemmig rekna som inhabil, og fråtredde i saka.

I gjennomgangen av Plan for selskapskontroll blei det gjort oppmerksom på at under punkt 2.2 i

planen skal det stå Vaksdal Næringssekskap AS, ikkje Vaksdal Næringspark AS.

Det blei i møtet reist spørsmål om Frivillighetssentralen skal være med i Plan for selskapskontroll. Etter nærere undersøking blei det konkludert med at det skal den ikkje.

Deloitte bekrefta at planane skulle bli oppdatert i samsvar med det som blei bestemt i møtet.

#### **KONT - Tiltråding:**

- a. Framlegg til Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 vert teken til etterretning. Planen oversendes kommunestyret for godkjenning med fylgjande innstilling:

Innstilling til kommunestyret:

"Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, vert godkjent slik den ligg føre, og kommunestyret delegerer til Kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden ved behov".

- b. Framlegg til Plan for selskapskontroll 2016-2020 vert teken til etterretning. Planen oversendes kommunestyret for godkjenning med fylgjande innstilling:

Innstilling til kommunestyret:

"Plan for selskapskontroll 2016-2020 vert godkjent slik den ligg føre, og kommunestyret delegerer til Kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden ved behov".

#### **Kommunestyret - Sak 79/2016**

##### **KOM - Behandling:**

Leiar i kontrollutvalet orienterte.

Samrøystes vedtak.

##### **KOM - Vedtak:**

Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, vert godkjent slik den ligg føre, og kommunestyret delegerer til Kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden ved behov.

Plan for selskapskontroll 2016-2020 vert godkjent slik den ligg føre, og kommunestyret delegerer til Kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden ved behov.

##### **Saksopplysningar:**

I arbeidet med prosjektplan for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon, og prosjektplan for utarbeiding av plan for selskapskontroll er det utført to prosessmøter.

I prosessmøte 1 27. januar blei det brukt eit risikospel med oversikt over dei ulike tjenesteområda i kommunen. Ved bruk av farga spelbrikker fekk kontrollutvalsmedlemene høve til å vurdere risiko knytt til ulike tenesteområde.

I prosessmøte 2 14. september blei endeleg prioritering til Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll gjennomført.

I møtet 14. september blei det vedteke at endelege planar i samsvar med diskusjonen i møtet blir utarbeida av Deloitte og sendt til medlemene.

Planane skal behandlas i møtet.